

| | |
|----------------------|--|
| PROTOKOLL NR. | : 05 13-15 |
| FRÅ | : Alpinkomiteen |
| STAD/DATO | : Skei, Skei Hotel/ 06. mai 2014 |
| TIL STADES | : Lilly Schøyen, Atle Hamar, Martin Hopland, Olaf Betten og Yngve Thorsen (adm.) |
| FORFALL | : Rune Espe |
| MERKNADER | : Ingen |
| SAKLISTE | |
| Sak 21 13-15 | Godkjenning av innkalling, sakliste og protokoll nr. 04 13-15 |
| Sak 22 13-15 | Oppsummering av sesongen 2013-2014 |
| Sak 23 13-15 | Handlingsplan 2013-2014 |
| Sak 24 13-15 | Fjord1 samlingar 2014-2015 |
| Sak 25 13-15 | Samarbeid med Oppdal Alpin Elite |
| Sak 26 13-15 | Terminliste 2014-2015 |
| Sak 27 13-15 | Organisering og arbeidsdeling i alpinkomiteen |
| Sak 28 13-15 | Vårmøtet 2014 |
| Sak 29 13-15 | Budsjett 2014 |

Eventuelt

| | |
|---------------------|--|
| Sak 21 13-15 | Godkjenning av innkalling, sakliste og protokoll nr. 04 13-15 Bakgrunn Innkalling, sakliste og protokoll nr. 04 13-15 er utsendt på førehand. |
| Sak 22 13-15 | Oppsummering av sesongen 2013-2014 Bakgrunn Komiteen evaluerte sesongen 2013-2014 på følgjande område: <ul style="list-style-type: none">- Krevjande sesong med variable snøforhold spesielt i Nordfjord og Sunnfjord- FIS-renn Jølster flytta til Voss med Jølster IL som arrangør- Til tross for vanskelege snøforhold er dei fleste renn og samlingar avvikla, men mange arrangement er flytta til Sogndal Skisenter med Sogndal IL som reservearrangør. Elles er det gjennomført krinsrenn både i Jølster Skisenter og Sunnfjord Skisenter med høvesvis Jølster IL og Førde IL som arrangørar. |

- Svært gode nasjonale sportslege prestasjoner;
 - o Medaljar i junior NM, Hovudlandsrenn og Telenorleikane
- Tredje beste krets i samband med Telenorleikane 2014
- Fjerde største krets i samband med Telenorleikane 2014
- God deltaking på dei fleste kretsrenn
- Med bakgrunn i varierande snøføhhold er rekrutteringa til alpinsporten bekymringsverdig i yngre årsklassar
- ”Kombinasjonshelg” med trening og arrangement i Jølster Skisenter/Jølster IL er ein god modell, og ein bør vurdere tilsvarende modell også kommande sesong
- Godt samarbeid mellom AK og administrasjonen
- Godt samarbeid mellom klubbane og AK
- God mediedekning

Vedtak

Alpinkomiteen tek saka til orientering.

Sak 23 13-15

Handlingsplan 2013-2014

Bakgrunn

Handlingsplan 2013-2014 er utsendt på førehand.

Komiteen gjekk gjennom status i handlingsplanen 2013-2014.

Vedtak

Alpinkomiteen tek saka til orientering, og gjer vedtak om at leiar og adm. får fullmakt til å utarbeide ny handlingsplan for sesongen 2014-2015.

Ny handlingsplan skal handsamast i samband med neste møte i komiteen.

Komiteen gjev vidare vedtak om å kartlegge kva planar FIS-utøvarane i fylket har kommande sesong. Dette heng saman med kva sportslege tilbod skikrinsen skal gje eventuelle heimebuande FIS-utøvarar.

Sak 24 13-15

Fjord1 samlingar 2014-2015

Bakgrunn

Alpine Race Academy Norge v/ Peter Lederer har komt med følgjande framlegg til samlingsopplegg 2014-2015;

FJORD1 SAMLINGAR 2014-2015 - ARAN

| Stad | Tidspunkt | Tal trenrarar - ARAN |
|-----------|--------------------|----------------------|
| Juvass | 13.-15. juni 2014 | 3 |
| Juvass | 05.-07. sept. 2014 | 2 |
| Hintertux | 05.-11. okt. 2014 | 3 |
| Hafjell | 27.-30. nov. 2014 | 3 |
| Hafjell | 02.-05. jan. 2014 | 3 |

Vidare er Even Hole førespurt om å vere hovudtrenar på Fjord1 barmarksamlingane 2014.

Even Hole er positiv til førespurnaden, og skal lage til eit framlegg til samlingsoppsett innan utgangen av mai.

Vidare ynskjer Even Hole tilbakemelding frå komiteen m.o.t. kva som skal vere barmarksamlingane si målsetjing.

Hole har m.a. antyda at desse samlingane kan ha ei innretning mot «Ironman».

Vedtak

Alpinkomiteen vedtek framlagde samlingsplan slik den føreligg med følgjande endringar;

- Juvass, 13.-15. juni vert flytta til 21.-23. juni 2014
Adm. sjef følgjer opp endringa med ARAN v/ Peter Lederer

Alpinkomiteen gjer elles vedtak om at det skal organisert felles tid til skulearbeid ifbm. Fjord1 samlingane.

Vidare skal ein lyse ut eit ope samlingstilbod gjennom Trønder Alpin for U12, U14 og U16. Komiteen er elles tydleg på at det årlege vedtekne samlingsopplegget med ARAN er skikrinsen sitt basistilbod til alpinistane i Sogn og Fjordane. Eit opplegg saman med Trønder Alpin kjem som eit tillegg til samlingane med ARAN, og skal ikkje vere i direkte konkurranse med dette tilbodet.

Ein gjer vidare vedtak om å legge til rette eit langsiktig trenarkonsept rundt t.d. følgjande utøvarar;

- Bertil Hamar
- Ivar Fugle Nordhaug
- Fredrik Sårheim
- Lasse Englund Espe
- m. fl.

Adm. sjef følgjer opp samlingsplan for barmark saman med Even Hole.

Sak 25 13-15

Samarbeid med Oppdal Alpin Elite

Bakgrunn

Notat i høve saka er utsendt på førehand.

Med bakgrunn i oppfølging av vedtak i *Sak 09 13-15* har adm. sjef saman med Atle Hamar utgreia om det kan vere aktuelt å inngå eit formelt samarbeid med Oppdal Alpin Elite.

På vegne av alpinkomiteen, og i samråd med Atle Hamar har adm. sendt ein førespurnad til Oppdal Alpin Elite v/ Olav Evjen.

Bakrunnen for førespurnaden er at alpinsporten i Sogn og Fjordane dei seinare åra har utvikla eit godt samarbeid med Oppdal Alpin.

Fleire alpinistar frå fylket har dei 3-4 siste åra søkt seg til Oppdal vgs.,

og alt tyder på at det også kommande skuleår kjem til å vere alpinistar fra vårt fylke som startar på Oppdal.

Trenarane på Oppdal (Olav Skjøtskift og Hallgeir Vognild) har ved fleire høve vore her i fylket og gjennomført samlingar i våre miljø, så relasjonane til Oppdal er svært gode.

I Sogn og Fjordane har ein prøvd å utvikle eit vidaregåande skuletilbod (Sogndal), der våre alpinistar får moglegheit til å kombinere eit spissa toppidrettstilbod i alpint med vidaregåande opplæring.
Førerebels har ein ikkje lukkast med å skape eit toppidrettstilbod i alpint som er kvalitativt godt nok for våre utøvarar.

Med dette som bakgrunn har alpinkomiteen i Sogn og Fjordane Skikrins fatta vedtak om at det skal setjast i verk ei utgreiing, der ein m.a. skal vurdere om det er aktuelt å inngå eit formelt samarbeid med Oppdal Alpin.

Førerebels ser ein føre seg eit opplegg der Oppdal Alpin får moglegheit til fritt å marknadsføre sitt tilbod til våre klubbar, og at ein arbeider vidare med eit samarbeid på trenarsida (samlingsbasis).

Styreleiar i Oppdal Alpin Elite, Ola Eyjen, er innstilt på å få dette til på ein måte som er til beste for våre unge alpinistar. Med bakgrunn i førespurnaden ynskjer Oppdal Alpin Elite å føreslå at Sogn og Fjordane Skikrins blir tatt inn som medlem på linje med dei tre andre eigaranane (Nord-Trøndelag Skikrets, Sør-Trøndelag Skikrets og Møre og Romsdal Skikrets). I ein slik prosess vil det vere grunn for å drøfte om styret for Oppdal Alpin Elite kan utvidast, og at Sogn og Fjordane Skikrins såleis får ein fast plass i styret. På den andre sida vil dette krevje vedtektsendringar, men det kan formelt ordnast med eit ekstraordinært årsmøte.

Ein har elles fått tilbakemelding om at dersom Sogn og Fjordane Skikrins vert medlem i Oppdal Alpin Elite så vil ikkje det medføre nokon økonomiske forpliktelsar.

Så langt i prosessen har ein gitt tilbakemelding om at før ein kan ta endeleg stilling til eit evt. medlemskap i Oppdal Alpin Elite, så skal saka handsamast i samband med møte i alpinkomiteen 06. mai, samt komiteen sitt Vårmøte (03. juni 2014).

Frå Sogn og Fjordane Skikrins si side er det viktig at eit evt. samarbeid vert godt forankra på klubb- og kretsniå. Dvs. at ein må gjennomføre dei formelle prosessane, før ein kan ta endeleg stilling til eit evt. medlemskap.

Målsetjinga med eit evt. samarbeid er å ha ein fast samarbeidspart som legg til rette for utdanning og trening av utøvarar som arbeidar systematisk og over tid mot ei framtidig toppidrettskarriere og yrkeskarriere.

Såleis vil samarbeidet i første rekke omfatte utøvarar som tek til på vidaregåandeskule.

Ein legg vidare til grunn at eit evt. samarbeid vil omfatte ei noko tettare samhandling med Oppdal Alpin Elite m.o.t. samlingar også i yngre årsklassar.

Vidare er ein tydleg på at det årlege vedtekne samlingsopplegget med fast samarbeidspartner er skikrinsen sitt basistilbod til yngre alpinistar (11-16 år).

Elles kan det også vere viktig med fleire sportslege arenar vedr. utvikling av alpinistar.

Vedtak

Alpinkomiteen gjer vedtak om å bli medlem i Oppdal Alpin Elite. Saka skal vidare leggast fram som orienteringssak for Vårmøtet 2014 samt Skikrinsstyret.

Sak 26 13-15

Terminliste 2014-2015

Bakgrunn

Rammene for alpinkomiteen si terminliste 2014-2015 skal leggast fram for Vårmøtet 03. juni, før den vert sendt til høyring i laga. Endeleg handsaming av terminlista skjer i samband med alpinkomiteen sitt Haustmøte.

Vedtak

Alpinkomiteen gjer vedtak om at leiar og adm. skal ha ansvar for prosessen med terminlista 2014-2015.

Ein gjer vidare vedtak om følgjande retningslinjer for utarbeiding av terminliste 2014-2015:

- Arrangør av krinsmeisterskapen i SL/SSL skal vere Førde IL (Ref. vedtak i Sak 16 13-15)
- Arrangør av krinsmeisterskapen i Super G skal vere Jølster IL (Ref. vedtak i Sak 16 13-15)
- Arrangør av Fjord1 Finale 2015 skal vere Haugen IL
- Vurdere om Fjord1 Cupen skal vere ein cup i parallelslalom (lågterskel)
- Vurdere alternative modellar med renn og trening, samt to renn over enn dag.

Sak 27 13-15

Organisering og arbeidsdeling i alpinkomiteen

Bakgrunn

Ved konstituering av alpinkomiteen 2013-2015 gjorde ein vedtak om følgjande;

- Nestleiar: Olaf Betten
- Medlem til anleggskomiteen: Martin Hopland
- Medlem til utd./ utv. komiteen: Lilly Schøyen
- Økonomi- og sponsoransvarleg: Atle Hamar



NORGES
SKIFORBUND

SØGN OG FJORDANE
SKIKRINS

- Sportsleg-/ samlingsansvarleg: Rune Espe

Vedtak

I det vidare arbeidet til alpinkomiteen sesongen 2014-2015 legg ein til grunn same arbeidsdeling som ved konstituering.

Sak 28 13-15

Vårmøtet 2014

Bakgrunn

Skikrinsstyret har gjort vedtak om at Vårmøtet 2014 skal avviklast på Skei, Skei Hotell, tysdag 03. juni.

Vedtak

Alpinkomiteen gjer vedtak om følgjande sakliste;

Sak 01) Godkjenning av innkalling og sakliste v/ Lilly

Sak 02) Evaluering av sesongen 2013-2014 v/Lilly

Sak 03) Sportsleg opplegg sesongen 2014-2015 v/ Rune og Olaf

- Alpine Race Academy Norge
- Trønder Alpin (ope samlingstilbod)
- Oppdal Alpin Elite

Sak 04) Terminliste 2014-2015 v/Lilly

Sak 05) Utdanning/kompetanseutvikling, gruppearbeid v/ Atle

Sak 06) Fjord1 Cup 2015, gruppearbeid v/ Martin

Sak 07) Rekneskap 2013 v/ Yngve

Eventuelt

Sak 29 13-15

Budsjett 2014

Bakgrunn

Framlegg til budsjett for 2014 er utsendt på førehand.

Rammene for budsjettet er godkjent av Skikrinsstyret i møte 03. desember 2014.

Adm. presenterte framlegg til budsjett 2014.

Vedtak

Alpinkomiteen godkjenner budsjettet for 2014.

Eventuelt

Med venleg helsing

Sogn og Fjordane Skikrins, AK

Ref.

Lilly Schøyen (s)

Leiar

Yngve Thorsen (s)

Adm. sjef